

Velkommen til nytt skuleår

6.klasse 2026/2027

Hei!!

No er sommarferien slutt og me gler oss til å ta i mot 6a og 6b til nytt skuleår.

Håper alle har hatt ein lang og fin sommarferie og er klare til å starta opp eit nytt skuleår.

Andre vaksne på trinnet: Therese Lyngdal (kunst og handverk), Gerd Mikalsen (spes .ped og kunst og handverk), Sølvi Karin Tollefsen Roalkvam (Mat og helse), Marta Høie Holen (Miljø og fagarbeidar) og Kathinka Bratteberg (Miljø og fagarbeidar).

Klasseromma blir på gul gang. 6a på nr 15 og 6b på nr 16.

Me kjem til å fortsetja med Skolestudio som digital læringsplattform, og har i tillegg lærebøker i norsk, matematikk og engelsk. Fint viss alle kan ha eit penal i ranselen, så får elevane blyant og visk av oss.

På skulen si heimeside ligg det viktig informasjon, blant anna om bestilling av mjølk og skulefrukt.

Viktig informasjon og skriv legg me på Showbie, trinn 6 under “informasjon til heimen”. Der vil de mellom anna finna vekeplanane til elevane. Lekseplanen legg me og på heimesida.

I år har me symjing fredagar i partalsveker og me har symjing fram til jul. Det er Gjert som har ansvar for symjinga i år.

Nytt av året er at elevane har Mat og helse annakvar tysdag.

Ta kontakt med oss kontaktlærarar viss det er noko de lurar på.

Me ser fram til eit godt samarbeid med dykk alle.

Venleg helsing

Gjert og Jo

Timeplan 6.trinn 2026/2027

2026/2027	Måndag	Tysdag	Onsdag	Tordag	Fredag
1.økt 08-30-10.00	8.30-9.00: Norsk Kunst og handverk	8.30-9.00: Norsk	Samf/Nat	Norsk	Partal: Sym eller Samf/nat
		Norsk Mat og helse			Oddetal: Samf/nat
2.økt 10.15-11.15	Kunst og handverk	KRLE	Matte	Matte	Partal: Sym eller Samf/nat
		Mat og helse			Oddetal: KRLE
3.økt 12.00-13.00	Matte	Livsmestring	Engelsk	Gym	Før jul: Arbeidsplan
		Mat og helse			Etter jul: Gym
4.økt 13.10-14.10/20	Norsk	M/H annakvar veke for 6A og 6B.	Musikk	Engelsk	

Melding til heimen: Elevane får «nye» nettbrett dette skuleåret. Dei overtek 10.trinn sine.

Lekse veke 34:

Det blir **symjing på fredag**. Alle må ha med seg badetøy, handklede, såpe og badehette.

Få underskrift på **lappen om løyve til å gå/sykla direkte** heim frå tur, til TORSDAG.

Tur torsdag: Dei tre siste øktene skal me på uteskule. Me skal først til Utsikten og et lunsj der. Etterpå går me bort til leikeplassen på toppen og blir der resten av dagen. Dei som har levert underskrift om løyve til å gå rett heim, får lov til å gå rett heim. Dei andre må innom skulen først.

Sjekk vêrmeldinga kvelden før, og kle/sko deg etter vèret. I tursekken må du ha med deg matpakke, nudler eller liknande. Hugs å ha med vatn. I tillegg kan du ha med saft eller juice til maten om du vil. Ha med pose til søppel.

